



2020

## HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

2. tertial 2020



## Tertiアルrapport 2. tertial 2020 for Hemsedal kommune

### INNHOLD

|           |  |          |
|-----------|--|----------|
| <b>1.</b> | <b><u>INNLEIING</u></b>                                      | <b>1</b> |
| 1.1.      | ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT .....                               | 1        |
| 1.2.      | ØKONOMISKE KONSEKVENSAR AV VIRUSUTBROT .....                 | 2        |
| 2.        | <b>INNTEKTER</b> .....                                       | 2        |
| 2.1.      | RAMMETILSKOT OG SKATT .....                                  | 3        |
| 2.2.      | EIGEDOMSSKATT.....   | 3        |
| 2.3.      | ANDRE OVERFØRINGAR OG TILSKOT FRÅ STATEN .....               | 3        |
| 2.4.      | OVERFØRINGAR OG TILSKOT FRÅ ANDRE .....                      | 3        |
| 2.5.      | BRUKARBETALINGAR.....  | 4        |
| 2.6.      | SALS- OG LEIGEINNTEKTER.....                                 | 4        |
| 3.        | <b><u>LØN OG PERSONALE</u></b> .....                         | 4        |
| 3.1.      | LØNSKOSTNADER .....  | 4        |
| 3.2.      | FRÅVÆR .....   | 5        |
| 4.        | <b><u>EININGANE</u></b> .....                                | 6        |
| 4.1.      | RÅDMANNEN MED STAB .....                                     | 6        |
| 4.2.      | KULTUR OG OPPVEKST.....                                      | 7        |
| 4.3.      | HELSE OG OMSORG: .....                                       | 7        |
| 4.4.      | TEKNISK.....   | 7        |
| 5.        | NETTO FINANSUTGIFTAR .....                                   | 7        |
| 6.        | INVESTERINGAR.....   | 8        |
| 7.        | <b><u>VEDTAK TIL OPPFØLGING</u></b> .....                    | 9        |
| 8.        | <b><u>FRAMTIDSUTSIKT – ØKONOMISK RESULTAT 2020</u></b> ..... | 9        |
| 9.        | <b><u>KOMMUNEDIREKTØREN SIN OPPSUMMERING</u></b> .....       | 10       |

## 1. Innleiing

Virusutbrotet pregar framleis Hemsedal kommune dagleg, og alle einingar førebur seg på varige endringar i tenesteproduksjonen. Dei direkte økonomiske konsekvensane pr. 2. tertial er greia ut for i denne rapporten, men førebels er det umogleg å sjå omfanget av dei indirekte konsekvensane på sikt.

Overføringer frå staten knyta til virusutbrotet har førebels langt på vei dekka direkte kostnadene i perioden, men ikkje berekna inntektsbortfall og indirekte kostnadene i perioden og ut årstid.

Budsjett er justert i høve revidert budsjettvedtak i k-sak 68/20. Pr. 2. tertial er det eit positivt avvik mot budsjett på 14,7 mill. for brutto driftsresultat og 13,7 mill. for netto driftsresultat. Inntekter aukar med 30 mill. mot budsjett, mens kostnadane aukar berre med 15 mill. Endringane er greie ut i eiga avsnitt i denne rapporten.

### 1.1. Økonomisk oversikt drift

| Hemsedal kommune                                   | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjar<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjar | Budsjett<br>år 2020 |
|--|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                             |                            |                           |                         |                       |                     |                     |
| Rammetilskot                                       | 60 103 322                 | 59 111 000                | 50 553 791              | 992 322               | 9 549 531           | 82 218 000          |
| Inntekts- og formuesskatt                          | 56 846 516                 | 51 789 000                | 52 582 304              | 5 057 516             | 4 264 212           | 87 024 000          |
| Eigedomsskatt                                      | 8 125 000                  | 6 100 000                 | 5 331 572               | 2 025 000             | 2 793 428           | 12 200 000          |
| Andre skatteinntekter                              | -                          | -                         | -                       | -                     | -                   | 3 000 000           |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten          | 2 180 000                  | 3 678 000                 | 5 119 847               | -1 498 000            | -2 939 847          | 7 143 000           |
| Overføringer og tilskudd fra andre                 | 30 799 607                 | 5 258 000                 | 15 135 021              | 25 541 607            | 15 664 586          | 16 360 000          |
| Brukerbetalinger                                   | 5 920 934                  | 6 250 000                 | 6 872 096               | -329 066              | -951 162            | 9 578 000           |
| Salgs- og leieinntekter                            | 16 914 112                 | 18 550 000                | 17 801 601              | -1 635 888            | -887 489            | 35 528 000          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                         | <b>180 889 491</b>         | <b>150 736 000</b>        | <b>153 396 232</b>      | <b>30 153 491</b>     | <b>27 493 259</b>   | <b>253 051 000</b>  |
| <b>Driftsutgifter</b>                              |                            |                           |                         |                       |                     |                     |
| Lønsutgifter                                       | 88 536 981                 | 82 740 000                | 84 955 474              | 5 796 981             | 3 581 507           | 128 451 000         |
| Sosiale utgifter                                   | 23 010 304                 | 22 272 000                | 23 428 365              | 738 304               | -418 062            | 35 153 000          |
| Kjøp av varer og tenester                          | 57 105 780                 | 49 337 000                | 48 092 842              | 7 768 780             | 9 012 938           | 75 483 000          |
| Overføringer og tilskott til andre                 | 11 945 953                 | 10 831 000                | 11 230 974              | 1 114 953             | 714 979             | 12 893 000          |
| Avskrivningar                                      | -                          | -                         | -                       | -                     | -                   | 10 614 000          |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                          | <b>180 599 017</b>         | <b>165 180 000</b>        | <b>167 707 656</b>      | <b>15 419 017</b>     | <b>12 891 362</b>   | <b>262 594 000</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                       | <b>290 474</b>             | <b>-14 444 000</b>        | <b>-14 311 424</b>      | <b>14 734 474</b>     | <b>14 601 897</b>   | <b>-9 543 000</b>   |
| Renteinntekter                                     | 42 968                     | 26 000                    | 39 960                  | 16 968                | 3 008               | 1 320 000           |
| Utbute   | 3 924 467                  | 6 000 000                 | 5 329 129               | -2 075 533            | -1 404 662          | 10 150 000          |
| Renteutgifter                                      | 2 459 727                  | 3 196 000                 | 2 354 668               | -736 273              | 105 059             | 4 794 000           |
| Avdrag på lån                                      | 5 022 716                  | 5 300 000                 | 4 922 326               | -277 284              | 100 390             | 9 540 000           |
| <b>Netto finansutgifter</b>                        | <b>-3 515 007</b>          | <b>-2 470 000</b>         | <b>-1 907 905</b>       | <b>-1 045 007</b>     | <b>-1 607 102</b>   | <b>-2 864 000</b>   |
| Motpost avskrivningar                              | -                          | -                         | -                       | -                     | -                   | 10 614 000          |
| <b>Netto driftsresultat</b>                        | <b>-3 224 534</b>          | <b>-16 914 000</b>        | <b>-16 219 328</b>      | <b>13 689 466</b>     | <b>12 994 795</b>   | <b>-1 793 000</b>   |
| <i>Netto driftsresultat i % av driftsinntekter</i> | <i>-1,8 %</i>              | <i>-11,2 %</i>            | <i>-10,6 %</i>          |                       |                     | <i>-0,7 %</i>       |

## 1.2. Økonomiske konsekvensar av virusutbrot

Pr. 2. tertial har Hemsedal kommune registrert meir enn 3,2 mill. i kostnad (justert for mva) på prosjekt 439 Corona. Bortfall av inntekter frå brukerbetalinger kulturskule, barnehage og sfo er så langt estimert til 0,8 mill.

Auka i rammetilskot knyta til smittevern og andre Corona-relaterte kostnadar er på 3,6 mill. Samla sett påverkar dette driftsresultatet negativt med 0,4 mill., med eit avvik mot budsjett på 0,6 mill.

| <b>Prosjekt 439 Corona</b>         | <b>Rekneskap</b>     | <b>Budsjett</b>      |
|------------------------------------|----------------------|----------------------|
|                                    | <b>pr 2. tertial</b> | <b>pr 2. tertial</b> |
| Rammetilskot                       | 3 620 000            | 2 300 000            |
| Overføringer og tilskudd fra andre | 347 380              | 169 000              |
| Brukerbetalinger                   | -815 000             | -                    |
| <b>Sum driftsinntekter</b>         | <b>3 152 380</b>     | <b>2 947 000</b>     |
|                                    |                      |                      |
| Lønsutgifter                       | 1 049 690            | 1 089 000            |
| Sosiale utgifter                   | 243 794              | 313 000              |
| Kjøp av varer og tenester          | 1 409 444            | 739 000              |
| Overføringer og tilskott til andre | 847 380              | 169 000              |
| <b>Sum driftsutgifter</b>          | <b>3 550 309</b>     | <b>2 310 000</b>     |
|                                    |                      |                      |
| <b>Brutto driftsresultat</b>       | <b>-397 929</b>      | <b>637 000</b>       |

Analyse og berekning av bortfall av anna inntekt og auke i andre kostnadar knyta til virusutbrotet er under utarbeidning i samband med rapportering for tildeling av ytterligare skjønningsmidlar. Storleiken på tilskotet for Hemsedal kommune er uviss, da desse tildeles i dialog med og på bakgrunn av behov i de ulike kommunane.

I tillegg til rammetilskotet på 3,6 mill. har Hemsedal kommune fått eit vedlikehaldstilskot på 1,7 mill. for å auke aktivitet under corona. Arbeide gjennomførast no. Kostnad pr. 2. tertial er 100'.

## 2. Inntekter

| <b>Hemsedal kommune</b>                   | <b>Rekneskap</b>     | <b>Budsjett</b>      | <b>I fjar</b>        | <b>Avvik mot</b>  | <b>Avvik mot</b>  | <b>Budsjett</b>    |
|---|----------------------|----------------------|----------------------|-------------------|-------------------|--------------------|
|   | <b>pr 2. tertial</b> | <b>pr 2. tertial</b> | <b>pr 2. tertial</b> | <b>budsjett</b>   | <b>i fjar</b>     | <b>år 2020</b>     |
| <b>Driftsinntekter</b>                    |                      |                      |                      |                   |                   |                    |
| Rammetilskot                              | 60 103 322           | 59 111 000           | 50 553 791           | 992 322           | 9 549 531         | 82 218 000         |
| Inntekts- og formuesskatt                 | 56 846 516           | 51 789 000           | 52 582 304           | 5 057 516         | 4 264 212         | 87 024 000         |
| Eigedomsskatt                             | 8 125 000            | 6 100 000            | 5 331 572            | 2 025 000         | 2 793 428         | 12 200 000         |
| Andre skatteinntekter                     | -                    | -                    | -                    | -                 | -                 | 3 000 000          |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | 2 180 000            | 3 678 000            | 5 119 847            | -1 498 000        | -2 939 847        | 7 143 000          |
| Overføringer og tilskudd fra andre        | 30 799 607           | 5 258 000            | 15 135 021           | 25 541 607        | 15 664 586        | 16 360 000         |
| Brukerbetalinger                          | 5 920 934            | 6 250 000            | 6 872 096            | -329 066          | -951 162          | 9 578 000          |
| Salgs- og leieinntekter                   | 16 914 112           | 18 550 000           | 17 801 601           | -1 635 888        | -887 489          | 35 528 000         |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                | <b>180 889 491</b>   | <b>150 736 000</b>   | <b>153 396 232</b>   | <b>30 153 491</b> | <b>27 493 259</b> | <b>253 051 000</b> |

Pr 2. tertial er driftsinntektene samla på 180,9 mill. Det er 30,2 mill. høgare enn budsjett i perioden.

Kommentarar knyta til inntekter fylgjer under i eiga avsnitt for dei største inntektsgruppene.

## 2.1. Rammetilskot og skatt

Rammetilskot og skatt er til saman 5,9 mill. over budsjett pr. 2. tertial. Hemsedal kommune har så langt i år mottatt ekstraordinære rammetilskot på til saman 5,42 mill. knyta til virusutbrotet og førebygging flom. Samanlikna mot tidelegare år ser skatteinngangen så langt ut til å vere i rute mot budsjett.

For ytterlegare informasjon kring rammetilskot og skatt sjå månadsrapport Skatteoppkjør pr. august 2020.

## 2.2. Eigedomsskatt

| Hemsedal kommune | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjor<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjor | Budsjett<br>år 2020 |
|------------------|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| Eigedomsskatt    | 8 125 000                  | 6 100 000                 | 5 331 572               | 2 025 000             | 2 793 428           | 12 200 000          |

Grunna politisk behandling av skattesats sender Hemsedal kommune først i september ut krav om betaling av eigedomsskatt for 1. termin 2020. Det er førebels avsett 8,1 mill. i inntekter frå eigedomsskatt pr. 2. tertial, ei auke på 2 mill. mot budsjett. Budsjett 2020 på 12,2 mill. var berekna ut frå tal frå Hol kommune. Faktisk utskriving ende på 22,6 mill. før klagebehandling. Skattesats på 7 % på næring og 1 % på bustad og fritidsbustad ligg til grunn.

Sjølv om det er sendt inn klage på taksten, må skatten betales som utskrevet. Det følgjer av §25 i eigedomsskattelova, som mellom anna seier at «eigedomsskatten skal ytast til fastsett tid og med dei summane som først er fastsette, endå om det er sendt inn klage over utskrivinga eller utskrivningsgrunnlaget, eller dei står under prøving for ein klageinstans eller domstolane.» Viss utfallet av klagesaken går i klagers favør vil skatten bli retta på 2. termin. Dersom det etter retting framleis er overbetalt skatt vil dette tilbakebetalles med renter.

Som følge av politisk vedtak om opning i bruk av § 28 for ettergiving av delar av eigedomsskatten grunna corona, vil endeleg beløpet for eigedomsskatt først fastsetjast etter behandling av evt søknadar er avgjort. I avsetting er det tatt høgde for delvis ettergiving innan enkelte grupper.

## 2.3. Andre overføringer og tilskot frå staten

| Hemsedal kommune                          | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjor<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjor | Budsjett<br>år 2020 |
|---|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | 2 180 000                  | 3 678 000                 | 5 119 847               | -1 498 000            | -2 939 847          | 7 143 000           |

Andre overføringer og tilskot frå staten er pr. 2. tertial 1,5 mill. lågare enn budsjett. Av budsjettet for året på 7,1 mill. utgjer integreringstilskotet 6,4 mill. Så langt i år er det ikkje busett nye flyktningar i kommunen. Dersom det ikkje kjem nye flyktningar, vil det bli eit budsjettavvik for året på minst 2,4 mill. Om noko av dei som allereie er busett vel å flytte ut av kommunen, vil budsjettavviket auke ytterlegare.

Arbeide med ein prosjektplan - flyktningar som ressurs – er påbyrja.

## 2.4. Overføringer og tilskot frå andre

Overføringer og tilskot frå andre er på 30,8 mill. pr. 2. tertial. Det er 25,5 mill. høgare enn budsjett i perioden og 14,4 mill. høgare enn budsjett for året.

| Hemsedal kommune                    | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjar<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjar | Budsjett<br>år 2020 |
|-------------------------------------|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| Overføringer og tilskudd fra andre  | 30 799 607                 | 5 258 000                 | 15 135 021              | 25 541 607            | 15 664 586          | 16 360 000          |
| 700 REFUSJON FRA STATEN             | -12 276 653                | -716 000                  | -4 883 477              | -11 560 653           | -7 393 176          | -7 796 000          |
| 710 SYKELØNNSREFUSJON               | -6 580 910                 | -                         | -4 487 425              | -6 580 910            | -2 093 485          | -                   |
| 729 KOMPENSASJON FOR MERVERDIAVGIFT | -4 304 811                 | -3 520 000                | -3 120 946              | -784 811              | -1 183 865          | -5 307 000          |
| 730 REFUSJON FRA FYLKESKOMMUNER     | -5 951 952                 | -370 000                  | -369 125                | -5 581 952            | -5 582 827          | -740 000            |
| 750 REFUSJON FRA KOMMUNER           | -1 279 174                 | -525 000                  | -1 687 659              | -754 174              | 408 485             | -2 041 000          |
| 770 REFUSJON FRA ANDRE              | -259 721                   | -113 000                  | -233 840                | -146 721              | -25 881             | -388 000            |
| 830 OVERFØRING FRA FYLKESKOMMUNE    | -68 000                    | -                         | -289 000                | -68 000               | 221 000             | -60 000             |
| 890 OVERFØRINGER FRA ANDRE          | -78 385                    | -14 000                   | -63 548                 | -64 385               | -14 837             | -28 000             |

Det høge, positive avviket skyldast i all hovudsak følgjande:

- 8,3 mill. refusjon frå helsefortak for individretta tiltak (sjåast i samanheng med auka kostnad kjøp av tenester)
- 6,6 mill. sykelønsrefusjonar – ikkje budsjettert, må sjåast i samanheng med auke i lønskostnadar
- 2,8 mill. næringsfond koronatiltak
- 2,2 mill. i auka refusjon for ressurskrevjande brukarar (avrekning 2019)
- 0,8 mill. i kompensasjon for meirverdiavgift (motpost overføringsutgiftar)
- Diverse refusjonar frå utdanningsdirektoratet og IMDI (sjåast i samanheng med auke i lønskostnadar)

## 2.5. Brukarbetalingar

| Hemsedal kommune | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjar<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjar | Budsjett<br>år 2020 |
|------------------|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| Brukabetalingar  | 5 920 934                  | 6 250 000                 | 6 872 096               | -329 066              | -951 162            | 9 578 000           |

Pr. 2. tertial er det et negativt avvik mot budsjett på 0,3 mill. Bortfall av foreldrebetaling i kulturskule, barnehage og SFO er berekna til 0,8 mill. som følgje av nedstenging.

## 2.6. Sals- og leigeinntekter

| Hemsedal kommune        | Rekneskap<br>pr 2. tertial | Budsjett<br>pr 2. tertial | I fjar<br>pr 2. tertial | Avvik mot<br>budsjett | Avvik mot<br>i fjar | Budsjett<br>år 2020 |
|-------------------------|----------------------------|---------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| Salgs- og leieinntekter | 16 914 112                 | 18 550 000                | 17 801 601              | -1 635 888            | -887 489            | 35 528 000          |

Pr. 2. tertial er det et negativt avvik mot budsjett på 1,6 mill. Inntekter frå utleige av kommunale bustader har minska med 0,2 mill. som følgje av virusutbrotet. Det er også inntekter som ikkje er ført som kjem på 3 tertial. Inntekter frå innkjøpte reisevaksiner har uteblitt.

## 3. Løn og personale

### 3.1. Lønskostnader

Lønskostnader må sjåast i samanheng med refusjon sykeløn og svangerskapspermisjon. Justert for slike refusjonar er lønskostnadane 0,8 mill. lågare enn budsjett pr. 2. tertial. Vakansar i enkelte einingar som eit ledd i innsparing, har demma opp for meirforbuk i løn i andre einingar. Corona-relaterte lønskostnader utgjer så langt i år 1 mill.

Som eit koronatiltak vart arbeidsgivaravgifta redusert med 4 %-poeng i mai og juni. Det gjer ein reduksjon i arbeidsgivaravgift i alle einingar på til saman 1,1 mill. Samstundes har pensjonskostnadane auka med 1,4 mill. mot budsjett. Arbeidsgivaravgift og pensjonskostnadar inngår i dei sosial utgiftane, og påverkar ikkje tala for lønskostnadar i tabellen under.

| Lønnskostnadar eks. sykelønns- og svangerskapsrefusjon | 2. tertial        | Budsjett          | Avvik i kr      | Avvik i %    | I fjor            | Avvik i kr         | Avvik i %    | Budsjett 2020      |
|--|-------------------|-------------------|-----------------|--------------|-------------------|--------------------|--------------|--------------------|
| Sentraladministrasjon                                  | 5 946 532         | 7 318 000         | -1 371 468      | -1874 %      | 6 139 945         | -193 413,0         | -315 %       | 11 228 000         |
| Kultur og oppvekst                                     | 31 660 135        | 30 729 000        | 931 135         | 303 %        | 30 512 365        | 1 147 770,0        | 376 %        | 48 474 000         |
| Helse og omsorg  | 33 572 445        | 32 131 000        | 1 441 445       | 449 %        | 32 649 032        | 923 413,0          | 283 %        | 48 975 000         |
| Teknisk  | 10 776 958        | 12 562 000        | -1 785 042      | -1421 %      | 11 164 256        | -387 298,0         | -347 %       | 19 774 000         |
| <b>Sum</b>   | <b>81 956 071</b> | <b>82 740 000</b> | <b>-783 929</b> | <b>-95 %</b> | <b>80 465 599</b> | <b>1 490 472,0</b> | <b>185 %</b> | <b>128 451 000</b> |

Som det kjem fram av tabellen over er det eit meirforbruk innan Kultur og oppvekst på 0,9 mill. og innan Helse og omsorg på 1,4 mill.

Meirforbruk innan kultur og oppvekst kjem i all hovudsak som fylgje av utbetaling av lønn under utdanning. Tilskot og tilretteleggingsmidlar på til saman 0,9 mill frå Fylkesmann og utdanningsdirektoratet kompenserer for meirforbruket pr. 2. tertial.

Det er inga innsparing knyta til nedsteningar under virusutbrotet. Bemannninga vart i sin heilhet nytta til heimeundervisning, tilbod til barn av sammfunnskritiske funksjonar, upfylgjing av sårbare barn og som ekstraressursar på Bygdaheimen.


Meirforbruk innan helse og omsorg kjem som fylgje av følgande:

- Overbelegg og ressurskrevjande brukarar Bygdaheimen 1 mill.
- Vikarbruk Bråtenjordet grunna auka oppfølgingsbehov brukarer 0,2 mill.
- Vikarbruk heimetenesten grunna nytta behov for nattevakt 0,2 mill.
- Overtid smittevernsgruppe 0,1 mill.
- Genrell vikarbruk i felire einingar knyta til karantene covid-19 testing

Innsparing i sentraladministrasjon og teknisk skyldas styrte vakansar. Det er venta eit refusjonskrav frå Sirdal kommune ref. noko kjøp av økononomisjefstenester for 1-2. tertial.

Effekt av årets lønsoppgjer er førebels uviss, men budsjettet er justert ned med kr. 1,5 mill jfr. rev.budsjettvedtak.


## 3.2. Fråvær




| Gjennomsnittleg sjukefråvær: |                      |
|------------------------------|----------------------|
| Året 2018                    | 5,60 %               |
| Året 2019                    | 6,90 %               |
| Året 2020                    | 7,30 % (hittil i år) |

Gjennomsnittleg fråvær ligg noko høgare enn tidlegare år. Normalt vil sjukefråværet gå noko opp om hausten mellom anna som følgje av innfulensa. Gjennomsnitt for 2020 vert rekna å bli noko høgare enn 2019.

Fråværet er inkl. Covid-19-relatert fråvær.



Korttidsfråværet har det siste året auka innan enkelte eininga. Karantene reglene ref. Corona vil kunne forklare noko av auken i august. Innan oppvekst er det til dømes 80 dagsverk relatert corona frå 1. mars.



Grunna virusutbrotet har presset på mange verksemder vorte kraftig auka. Fleire langvarige sjukefråvær er knyta opp mot planlagde operasjoner og svangerskap. Innan helse og omsorg er det noko arbeidsrelatert sjukefråvær. Her vert det jobba med kartlegging for iverksetting av tiltak for å motverke dette.

Utover dette vurderas sjukefråværet å vere på eit normalt nivå.

## 4. Einingane

### 4.1. Rådmannen med stab

Rådmann med stab har eit positivt avvik mot budsjett på 5,6 mill. pr. 2. tertial. Vakansar gir innsparing i løn og personalkostnadar på 1,5 mill. Auka eigedomsskatt og skatt på inntekt påverkar tala positivt, mens reduksjon i integreringstilskot påverkar negativt. Noko avrekningane gjeld tiltak i 3. tertial.

| Rådmann med stab           | 2. tertial   | Budsjett     | Avvik i kr | Avvik i % | I fjor      | Avvik i kr  | Avvik i % | Budsjett 2020 |
|----------------------------|--------------|--------------|------------|-----------|-------------|-------------|-----------|---------------|
| Sum inntekter og kostnader | -107 206 243 | -101 557 000 | -5 649 243 | 556 %     | -94 472 155 | -12 734 088 | 1348 %    | -162 243 000  |

## 4.2. Kultur og oppvekst

Kultur og oppvekst har eit positivt avvik mot budsjett på 1 mill. pr. 2. tertial. Auka i refusjonar er høgare enn auka i lønskostnadar i perioden.

| Kultur og oppvekst         | 2. tertial | Budsjett   | Avvik i kr | Avvik i % | I fjor     | Avvik i kr | Avvik i % | Budsjett 2020 |
|----------------------------|------------|------------|------------|-----------|------------|------------|-----------|---------------|
| Sum inntekter og kostnader | 42 743 812 | 43 814 000 | -1 070 188 | -244 %    | 41 301 378 | 1 442 434  | 349 %     | 66 901 000    |

Per 2. tertial har Helse og omsorg mellom anna motteke 0,4 mill på vegne av Hallingdalsregionen (prosjekt etterutdanning) og 0,4 mill i andre prosjekt som blir gjennomført i 3. tertial.

Det er og vil kome meirforbruk på skysskostnadar til språkopplæring på Gol. Dette skuldast ny avtale med kommunane som samarbeid om norsk med samfunnsfag for kommunane Flå, Gol, Nesbyen og Hemsedal. Vi får ikkje refundert alle skysskostnadane til Gol med taxi. Vi får refundert månadskort med buss. Dette vil også bli justert i budsjett 2021. Redusert refusjon kjem på 3. tertial.

## 4.3. Helse og omsorg:

Helse og omsorg har eit positivt avvik mot budsjett på 4,6 mill. pr. 2. tertial. Auka i refusjonar er høgare enn auka i lønskostnadar og kjøp av varer og tenester i perioden.

| Helse og omsorg            | 2. tertial | Budsjett   | Avvik i kr | Avvik i % | I fjor     | Avvik i NOK | Avvik i % | Budsjett 2020 |
|----------------------------|------------|------------|------------|-----------|------------|-------------|-----------|---------------|
| Sum inntekter og kostnader | 43 793 747 | 48 443 000 | -4 649 253 | -960 %    | 47 836 393 | -4 042 646  | -845 %    | 70 409 000    |

2,2 mill. kjem som fylgje av refusjon for ressurskrevjande brukar avrekning frå 2019. Prosjektmidlar som vil nyttast ut årat utgjer 1,5 mill. Avvik elles gjeld i all hovudsak periodisering.

## 4.4. Teknisk

Teknisk har eit positivt avvik mot budsjett på 2,3 mill. pr. 2. tertial, men her ligg tilskot til kommunalt næringsfond – koronatiltak - inne med 2,8 mill.

| Teknisk                    | 2. tertial | Budsjett   | Avvik i kr | Avvik i % | I fjor     | Avvik i kr | Avvik i % | Budsjett 2020 |
|----------------------------|------------|------------|------------|-----------|------------|------------|-----------|---------------|
| Sum inntekter og kostnader | 23 886 243 | 26 214 000 | -2 327 757 | -888 %    | 21 428 864 | 2 457 379  | 1147 %    | 24 933 000    |

Det er eit meirforbruk på veg på kr. 0,66 mill. (anbod feiing + 0,2 mill. mur Skogstad gangbru 0,4 mill. og drift av panoramavegen. Avvik elles gjeld periodisering.

## 5. Netto finansutgiftar

Utbyte er så langt i år 2 mill. lågare enn føresetnadane i revidert budsjett. Det er varsle ytterlegare reduksjon i utbyte i 2021. Pr. 2. tertial er renter og avdrag 1 mill. lågare enn budsjett i perioden. Endelig avrekning kjem først ved årslut.

Hemsdal kommune må ta høgde for at den låge renta ikkje vil vare. Avsetjing til rentesikringsfond vil bli omtala i forslag til nytt finansreglement.

## 6. Investeringar

Hemsedal kommune jobbar med fleire store investeringsprosjekt for å møte auke i folketalet. Arbeide med å sikre framdrift og kontroll er ressurskrevjande, og vil prega administrasjonen sine prioriteringar dei neste åra.

Dei største prosjekta; sentralskule, omsorgsbustader, og høgdebasseng Holdebakken, følgjer i all hovudsak framdriftsplan pr. 2. tertial. Det er naturleg nok noko usikkerheit knyta til endelege investeringar grunnkjøp sidan forhandlingane held fram.

Samla investeringar for året ligg an til å bli 12 mill. lågare enn budsjettet, kor 9,6 mill. utgår som fylgje av at BU7 er overteke av privat utbyggjar. Utskifting av veglys er justert ned med 1,3 mill. til 350' pr år dei neste åra. Ombygging helsecenter er redusert med 0,8 mill. som fylgje av at rimelegare alternativ vart valt. Investeringar på 3,5 mill. i Hemsdal kyrkje gjennomføras i 2021.

| Prosjekt                 | Beskrivelse   | Budsjett          | Pr 2. tertial     | Prognose          |
|--------------------------|---|-------------------|-------------------|-------------------|
| 007                      | Veglys  | 1 637 000         | 100 485           | 350 485           |
| 008                      | Sentralskule med trafikkareal                       | 17 500 000        | 507 649           | 16 107 649        |
| 009                      | Parkeringsareal Tuv Oppvekstsenter inkl belysning   | 50 000            | 0                 | -                 |
| 010                      | Krikken ny drikkevasskilde                          | 1 600 000         | 395 404           | 1 195 404         |
| 020                      | Tiltak gamle Venås bru - overtaking og sikring      | 240 000           | 0                 | 350 000           |
| 025                      | Bruøyne med friområder                              | 82 000            | 279 300           | 279 300           |
| 038                      | Asfaltering Svøl III bustadfelt                     | 800 000           | 464 291           | 464 291           |
| 039                      | Utbreiing Øynevegen - trafikksikring                | 480 000           | 516 292           | 516 292           |
| 053                      | Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg               | 2 350 000         | 1 149 157         | 2 349 157         |
| 055                      | Rehabilitering ledningsnett m.m.                    | 600 000           | 0                 | 600 000           |
| 056                      | Utviding av returpunkt Holdebakken                  | 2 000 000         | 8 854             | 248 854           |
| 057                      | Bygdaheimen - Velferdsteknologi - helse - video m.m | 280 000           | 0                 | -                 |
| 058                      | Nytt avløpsanlegg Tuv                               | 2 000 000         | 0                 | -                 |
| 062                      | Avløppspumpestasjon Elvely                          | 1 200 000         | 225 985           | 1 200 985         |
| 108                      | Høgdebasseng Holdebakken                            | 8 300 000         | 7 788 897         | 14 088 897        |
| 113                      | Grunnkjøp skole                                     | 0                 | 58 484            | 58 484            |
| 114                      | Grunnkjøp BU7                                       | 8 943 000         | 0                 | -                 |
| 115                      | Utvikling av bustadfelt BU7                         | 700 000           | 44 150            | 44 150            |
| 116                      | Øya Camping   | 0                 | 13 290            | 13 290            |
| 117                      | Nytt tårn og spir - Hemsdal kyrkje                  | 3 500 000         | 0                 | -                 |
| 142                      | Etablering gang-/sykkelveg Moavegen-Lauparvegen     | 0                 | 0                 | 460 000           |
| 143                      | Utbygging Fiskum (Trøim sør)                        | 230 000           | 86 792            | 86 792            |
| 150                      | Veg og VA, Haugsvegen, Tunsv. og Trøimsvegen        | 700 000           | 610 450           | 1 200 450         |
| 157                      | Omsorgsbustader - nye Bråtenjordet                  | 1 300 000         | 142 500           | 3 542 500         |
| 189                      | Ombygging helsecenteret                             | 1 100 000         | 0                 | 350 000           |
| 250                      | Golf/Alpin IV-F17                                   | 500 000           | 44 513            | 504 513           |
| 251                      | Grunnkjøp HIAS-avtalen                              | 100 000           | 0                 | 100 000           |
| 252                      | Hengebru over Mørkedøla - Rjukandefossen            | 50 000            | 0                 | 50 000            |
| 253                      | Elektronisk bom - Ulsåk                             | 100 000           | 0                 | 100 000           |
| <b>Sum investeringar</b> |   | <b>56 342 000</b> | <b>12 436 493</b> | <b>44 261 493</b> |

## 7. Vedtak til oppfølging

| <b>Kommunestyret</b>                  |  |              |  |
|---------------------------------------|--|--------------|--|
| <b>Vedtak nr</b>                      | <b>Vedtakstekst</b>  | <b>Avvik</b> | <b>Kommentar:</b>  |
| 37/2017                               | Lag og organisasjonar. Avtaler om bruksrett, bruk og utleige av bygga  |              | Delvis vedteke – deler av sake vert teke opp etter avklaringar, jfr. Skulesaka   |
| 77/2017                               | Interpellasjon frå Janne Brøndbo (A) til kommunestyret 08.11.2017  |              | Usikker på om det gjeve signal. Oppmoding om å ta inn elevar i språkpraksis. Det er ikkje teke inn tiltak i Budsjett 2018 for å gje ungdom sommarjobb. |
| 124/2019                              | Handlingsprogram og økonomiplan 2020 - 2023, Budsjett 2020 <ul style="list-style-type: none"> <li>• framlegg til gebyr vigsler</li> <li>• innføre leige for P-plasser med strømmuttak</li> <li>• utrede besøksavgift</li> <li>• vurdere antall kommunale boliger, ev. selge</li> </ul> |              |  |
| 124/2019                              | Tilsetjing av Kultursjef   |              | Det er gjennomført ein OU-prosess. Stillinga er definert, men ikkje lyst ut.   |
| 54/2019                               | Dialektfremjande tiltak. Vedlegg til Målbruksplan 2019-2022  |              | Arbeidet vart sett på vent under Koronaen  |
| <b>Formannskapet</b>                  |  |              |  |
| <b>Vedtak nr</b>                      | <b>Vedtakstekst</b>  | <b>Avvik</b> | <b>Kommentar:</b>  |
| 14/2020                               | Bruøye trebru - salg   |              | Utsett – avklaringar i høve trafikksituasjon. Ny sak   |
|                                       |  |              |  |
| <b>Hovudutval for Livsløp</b>         |  |              |  |
| <b>Vedtak nr</b>                      | <b>Vedtakstekst</b>  | <b>Avvik</b> | <b>Kommentar:</b>  |
| 40/2019                               | Endring i vedtekter, Hemsedal kommune sitt legat   |              | Ikkje fått melding frå Stiftingstilsynet   |
| 2/2020                                | Retningsliner for tildeling av kulturmidlar, Revidering 2020   |              | Utsatt   |
| 4/2020                                | Dagsenter - demens   |              | Til kommunestyret - Må opprette punkt i gebyroversiktene   |
|                                       |  |              |  |
| <b>Hovudutval for Plan og ressurs</b> |  |              |  |
|                                       | Ingen  |              |  |

## 8. Framtidsutsikt – økonomisk resultat 2020

Samla sett ligg kommunen ved 2. tertial betre ann enn tidlegare år. Samstundes vil effekten av corona innebere at me ikkje klarer å gjennomføre alle tiltaka og ambisjonar me har for året. Følgjande områder vil spesielt kunne påverke kommunen sitt netto driftsresultat i 2020;

- Endringar i skatteinngang som fylgje av Corona
- Statlege kompensasjoner for inntektsbortsfall/kostnadsauke Corona, og eventuelt venta auke i smittetrykket si auke på kostnadsbilete
- Avkastning på premiefond
- Avkorting budsjetterte inntekter i høve reelt tall flyktning (budsjett 6 personer)
- Kostnadar knyta til ressurskrevjande brukarar
- Advokatkostnadar i pågåande saker
- Utbyte Hemsedal Energi
- Endeleg inntekt frå eigedomsskatt

## 9. Kommunedirektøren sin oppsummering

Tenesteproduksjon og evna til å følgje opp politiske vedtak i 2020 er sterkt råka av coronapandemien. Tidlegare kommunestyrevedtak la i utgangspunktet opp til ei forventa resultatforbetring på kr. 6 mill i høve 2019. Oppvekst- og Helse og omsorgsetaten jobbar med større reformer, prosesser/ førebuingar frå 3-1 skule, samt innføring av Velferdsteknologi. Dette er store og ressurskrevjande parallelle OU-prosessar som i sum skal gje fleir og betre tenester for kvar krone investert.

Innan dei største etatane vert det lagt ned mykje tidsressursar i samspel med entreprenør for realisering av nye omsorgsbustadar og sentralskule. Samstundes, for å sikre ei betre økonomisk kontroll på økonomien har ein frå juli varsla om førebels tilsettingsstopp i organisasjonen – ei prosess som i seg sjølv utfordrar leiarskap med vanskeleg avvegingar. Parallelt med ordinær drift skal organisasjonen planlegg, og gjennomføre avbøtande tiltak i høve corona. Spesielt leiarnivå opplever stor arbeidsbelastning. Kommunedirektøren er klar på at dei politiske ambisjonane for tenesteproduksjonen må reduserast, og at ein skapar ei felles forståing av at 2020, og mest truleg 2021 vert å rekne som «krigsår». Det er viktig at arbeidet med økonomi- og handlingsplanen for 2021-2024 tek denne situasjonen på alvor.

Sjukefråværet er stigande. Ein legg samstundes til grunn at dette er ei representativ utvikling generelt i kommune norge jfr. «langtidseffekten» av Corona. Det er venta ein reduksjon i nærvær utover hausten, noko som og vil gå ut over tenesteproduksjon generelt. Det er viktig å ta omsyn til dette i høve evna til resultatoppnåing.

Kommunestyret vedtok revidert drift- og investeringsbudsjett i K-sak 68/20. Bakgrunnen for revidert budsjett var eit ønske om å fange opp effekten av nye vedtak med stor budsjettverknad (K-sak 27 Masterplan sykkel, K-sak 53/20 – 5.klasse hausten 2020, K-sak 55/20 Tiltakspakke næringslivet), samt ønske om å fange opp andre synlege effektar av Corona. Det vart og vist til ei rekke andre hendingar tilfelle/ saker som ville påverke driftsresultatet for 2020. Auka rammetilskot, redusert arbeidsgjevaravgift mai-juni, samt andre direkte Coronatilskot har kompensert for noko av dette. Ved 1. tertial vart det samstundes rapportert om at lønnskostnadene til ordinær drift var noko over periodisert budsjett, men vesentleg betre innan Oppvekst og Helse/ omsorg enn tilsvarende periode tidlegare år. Med effekten av corona har ein imedan mista gode samanliknbare måletall.

Det er lite truleg at staten kan kompensere 100% av meirkostnadane som følgje av corona. Samstundes er ringverknadane av corona i høve tenesteproduksjon uklare, men ein kan allereie no sjå at ting tek lengre tid og slitasjen er stor i organisasjonen. Det er vidare venta at skatteinngangen for hausten vert vesentleg lågare enn budsjettert. Grunna låge straumpriser vert utbytte frå Hemsedal Energi truleg enda lågare enn budsjett. Det er difor venta at kommunen styrer mot eit underskot. Som økonomisk motvekt kjem eigedomsskatten, og endeleg stadfesting av 7 promille på næring, verk og bruk. Eigedomsskatten dreg med andre ord andre vegen, og vil kunne kompensere for dette.

